

Gandfluga og sjamanismen

av Eldar Heide

Eit trolldomsinsekt utsendt av ein trolldomskunnig for å gjera skade på folk og fe er kjent i folketradisjon over store delar av Norden, frå Island i vest, Setesdalen og Dalarna i Sverige i sør, til Finland og Finnmark i aust og nord. I fastlandsnordisk tradisjon er det helst samar som sender ut insektet. Nokre av dei som har granska temaet mest inngående er skeptiske til at gandfluga høyrer samisk tradisjon til, og lurar på om gandflugeutsendinga kan vera tillagd samane av bumennene. Eg trur ikkje det. Gandfluga i samisk tradisjon blir mindre problematisk dersom ein for det fyrste: Oppfattar gandflugeutsendinga som ein variant av motivet der sjamanen (både i samisk tradisjon og norrøn tradisjon) i trance sender ut ånder i hamen av mange slag dyr o.a., og for det andre: Oppfattar gandfluga som berre eitt av mange skadegjerande trolldomsprosjekt til som i tradisjonen glid over i kvarandre. Mitt ærend er å vise at gandfluga kan oppfattast slik. Det kjem eg fram til gjennom ei tilnærming som er breiare enn det som er prøvd før.

Materialet

Den fyrste som nemnde gandfluga var Peder Claussøn Friis (1545–1614) i *Norriges oc omliggende Øers sandfærdige Bescriffuelse* frå

Takk til Lita Greve for insekthjelp, Håkan Rydving for skrivemåten *nåejtiendirre*, Kaisa Rautio Helander for samisksjekk, og Else Mundal, Roald Kristiansen og Reimund Kvideland for gjennomlesing av manuskriptet.

1632, som var skriven i 1613. Friis hadde truleg gandflugeopp-lysningane sine frå helgelendingen Jon Simonssøn, fødd i 1512 (jf. Storm 1881: LV–LVI og Steen 1969: 57). Friis fortel at ein jeger på Helgeland kom over ein heller på fjellet og at han der fann:

et stort groft Billede, som var en Finnegud, oc stod der hos hannem Finnens Gann-Eske, oc der hand oplod samme Eske, da krøb den fuld aff blaa Fluor, huilcke vare Finnens Gann oc Trolddom, som hand dagligen udsende. (*Claussøn Friis* 1881: 400)

Claussøn Friis seier vidare at samene ikkje kan

trifuis, uden hand huer Dag sender en Gann ud, det er en Flue eller Trolld aff sin Ganneske eller Gannhiid, det er en Skindpose, som hand hafuer dem udi, oc naar hand icke hafuer Mennisken at forgjøre oc sende sin Gann udi [...], da udsender hand den i Vær oc Vind, oc lader den ramme paa Mennisker, Queg eller Diur, eller huor den kand, oc stundum sender hand sin Gann i Fieldet, oc sprenger store Field ud, oc for en ringe Sags Skyld skiude de deris Gann i Mennisker oc forgjøre dennem [...]. (ibid)

Den neste som nemner gandfluger er Petter Dass (1989: 69–70), i Nordlands trompet frå slutten av 1600-talet. Han seier at “Finden” brukar “Ganne-Kunst” og at det går ut på å sende ut “Forgiftig Beelsebubs Fluor” som han “sætter” i folk eller fe. Isaac Olsen skriv om gandfluger i ei utgreiing om truene til Aust-Finnmarks-samane frå 1715–17. Mesteparten av opplysningane er avskrift av Claussøn Friis, men Olsen har ei opplysning meir (Gandhita er av heilflådd selskinn[Qvigstad 1910: 8]), så han har nok sjølv kjent til ein folkeleg gandfluge-tradisjon. Johan Randulf skriv i 1723 om samane i Nord-Trøndelag og Nordland at noaidane har tre slag trolldomsmiddel dei kan sende ut: *Noyde-Gadser*, *Finneskud* og *Gann-Fluer* (Qvigstad 1903: 49–50). *Noyde-Gadser* er hjelpeånder. Gandflugene blir sende ut “ved Dievels Besværelser til at skade Mennisker eller Creaturer” (Qvigstad 1903: 29). Randulf har òg ei teikning av ei gandfluge (ibid: 30). Han fortel at berre dei sterkaste noaidane har gandfluger, og at dei får dei frå ein stor fugl (*Noyde-Lodd*) som dei trollar fram (Qvigstad 1903: 50). Hans Skanke, som bygger på Thomas von Westen sitt store, inn-

samla materiale, seier at fuglen som kjem med gandfluger heiter *Wuoko* (Skanke 1945 a: 206. Skal vera skrivi 1728–31 [Rydving 1995: 201]). Leem seier at gandfluger er "Dievle i Fluers Skikkelse" (Leem 1956 [1767]: 483). Erik Pontoppidan seier at kvervelvindar kan heite "Ganskud" og at folk trur dei er sende ut av ein "Finlappisk Hexemester" med ei "Gan-Flue" (Pontoppidan 1977 [1752–53]: 54). Steen (1959) har oversyn over dei fleste gandflugekjeldene frå 16- til 1800-talet.

Qvigstad skreiv opp denne forteljinga etter ein same i Hattfjelldalen i 1887:

In jenen Zeiten, wenn ein Zauberer ein rechter Noaide werden sollte, mußte er mit Zaubertrommeln zaubern. Wenn die Trommeln da versprachen, daß er ein rechter Noaide werden sollte, versprachen sie auch, daß sie einen Vogel, der Varreg genannt wird, schicken wollten: „Dieser soll Zauberfliegen [*gane-čureg*] ausspeien; [...] Solche Fliegen benutzte er, wenn er auf jemand böse wurde. Da pflegte er eine loszulassen und zu sagen, zu welchem Menschen sie fliegen sollte. Denn sie konnten fliegen. Der Noaide sagte, wo sie den Menschen krank machen sollten, im Fuß oder in der Hand oder an einer anderen Stelle, je nachdem der Noaide es anwies.“¹ (Qvigstad 1924: 298–301)

I ei forklaring frå fyrstninga av 1700-talet til ei nordtrøndsk rune-bomme (*Underretning om Rune-Bommens rette brug* [Qvigstad 1903: 66–67], anonymt frå von Westen-krinsen) blir to teikn forklarte som gandfluger. Det eine er gandfluge til å skada fe (figur 1, 34), det andre til å skada folk (figur 1, 18). Det fyrste teiknet står isolert. Det andre, som ser ut som eit kryss med kuler i endane, ser Manker på 8 av dei

¹ Dei bäli, guččie nagen noaidie galgi šettet rikti noaidies almai, die čuovri mivret givri guime. Jes die gievrie donivutin: ačči rikti noaidie šettet, so gievrie doavutin: aččin sädde akteb lattieb, mi guhčsua varreg: "Dihte galga goglöt gane-čureg; [...]" Dakkares gane-čureg noaidie bruhki, guččie li nagen almačesse moaratuvvum. So bruhki lueitet akteb jeh jiehtet, man almučen guaiku galgi haletit. Dakkares gane-čureg mähtin haléit. Noaidie guit jehti, gukku ačči dab almačeb skiebčajahtet, juölgieb jalle gieteb jalle nagen lähkieb, guktie noaidie bihketi.

bevarte trommene (+ den tapte som *Underretning* beskriv), og under tvil på 8 til (Manker 1950: 221, pkt. 14).

Om nyare tids nordnorske gandflugetradisjon, fyrst og fremst frå Helgeland, har Ole Tobias Olsen fyldige opplysningar. Han seier at:

Ganden [...] menes at være den onde selv eller den onde galdret inn i skikkelsen av en bremslignende flue. [...]. Fluen opbevares i en æske, "ganøsja" [...] Om den maate, hvorpaa ganfluer fanges, er man ikke enig. Enten skal det være naturlige fluer, der fanges som fluer i almindelighet, eller ogsaa er det tjenende djævle, der paa grund av galdring maa følge finnen og holde til i hans æske eller ogsaa i hans sæk eller i hans klær. Den sidste antagelse støttes av den omstændighet, at det ikke har lykkes nogen at fange en ganflue, naar den har stukket og heller ikke at finde den igjen, om den faller for sitt offers blik; den forsvinder da likesom inde i det menneske eller dyr, den har stukket. [...] I syngende tone fremsies trylleformularen, hvormed fluen faar besked om finnets vilje og om dens navn og adresse, som den skal hjemsøke, og naar først fluen er sluppet løs, farer den avsted mot sit maal [...] (Olsen 1987 [1912]: 119–20)

Som døme på den nordnorske gandflugetradisjon frå nyare tid, vil eg bruke ei skildring frå Sør-Folda i Salten. Ein kar som har lagt seg ut med ein same får høyre:

ei underleg surring i lufta, nett som om fleire tordivlar dreiv på og kappflaug. Best det var såg han noko som ei humla kome mot seg med ei fart som om ein stein var kasta av nokon. Det råka han midt på magen, og dasken var hard. Det svei og gjorde vondt, og mannen seig i hop og måtte hjelpst i seng. Og då dei kledde av han, så såg dei ein svart flekk på magen hans, så stor som ei gamaldags ort.

Mannen vart sengeliggende fleire veker, og måtte be ein "fjell-lapp" om hjelp. Han skar rundt svartflekken og joika og drog han ut med fingrane. "Han fekk laust noko, slengde det i golvet og sputta på det. Det såg ut som ei humla, og tyktest vera levande. Lappen sa at dette var rette sorten gand. På magen vart det eit stygt sår, men mannen kom seg snart." (Buvik 1941: 18–19. Ei anna fin skildring er om Saltdals-samen Grøn-Snerren. Bonden Andreas Olsa har lagt seg ut

med han, og ei tid seinare dukkar så Snerren opp: "Johan Hansa, stod like ved og så at Grønnsnerren tok skinnposen fram fra barmen. Så tok Snerren ut en korm av posen og sikta han inn på ei av kyrne hans Andreas. Kormen var på størrelse med ei humle, mener Hilmar. Men kormen forfeila målet sitt og traff en hest som stod like ved. Hesten reiste seg på to og skreik, og satte på sprang inn i olderskogen bort mot elva. Opp fra ei tørrollder stod det en kvass kvist, og den fikk hesten i brystet og strauk med." (Ellefsen 1981: 110–11) Augnevitnet er tippoldefar til den Hilmar som fortel dette. Historia er nedskreven så seint som i 1979. Myrvang (1964: 101–2) har ei skildring han fekk høyre så seint som på 1960-talet (pers. oppl.), og det skal ha vori far til heimelsmannen som vart råka av gandfluga. Andre skildringar i denne tradisjonen frå Nord-Noreg finn ein hos Olsen (1987 [1912]: 121), Mo (1936: 10), Myrvang (1976: 79), Ellefsen (1981: 110–11). Frå Nordfjord er det ei liknande skildring hos Myklebust (1973: 164). Fleire kjelder som nemner gandfluge finn ein hos Lid (1921, 1927, 1950 [1944]; sjå særleg 1921: 46, note), i *Norsk ordbok*, bind III; hos Solheim 1943 og hos Skjelbred 1983. Levander og Björklund (1961–) opplyser at *gannsflugu* (med lydskrifthos dei) er 'klegg' ("hästfluga / horse-fly").

Schefferus (1956 [1673]: 183) fortel at gand i Claussøn Friis si skildring svarar til tyre hos svenske samar. "Tyre är helt enkelt en rund boll, stor som en valnöt eller ett litet äpple, hopnystad av fint hår, djurhår eller mossa". Schefferus har òg ei teikning av eit tyre. Ordet skal fyrste gongen vera nemnt i Erik Schroder sitt *Lexicon latino-scondicum* frå 1637 (Lid 1927: 342). Broman har fyldige opplysningar og fleire historier om tyre frå Hälsingland. Hos han er *tyre*, *finntyre*, *finnskott* og *lappskott* det same, og det kan vera både spyfluger og små, lette ballar av lav eller mose, utsende for å gjera skade på folk og fe når sterk vind ber prosjektillet dit det skal (Broman 1911–49: 774, 808–09, 814 ff, 859). Det kan òg vera ein fletta vidjering som ein slår på slik at det blir ein smell, eit "skott" (ibid: 814–15). Broman skal ha skrivi dette i 1734 (Hægermarck 1900: 239). Også i ein del andre svenske kjelder kring 1700 går tyre og finntyre om einannan og blir identifisert med finnskott (Lid 1927: 339 ff).

Venteleg er det slike hårbollar Niurenus tenkjer på når han fortel at samane "kan skicka ut allahanda ont medels bollar", dessutan giftige piler (Niurenus 1905: 20. Utgreiinga skal vera skriven kring 1640 [Rydving 1995: 200]).

På Island er det tradisjon om ei *galdrafluga* 'trolldomsfluge'. Den høyrer inn under ein tradisjon om vonde, magiske *sendingar*, dei kunne ha flugeham (Jón Þorkelsson 1956: 116, 349, Jón Árnason 1961 a: 309, 323, 326, 480, 486, 514, 580, 587–88; 1963: 387, 546, jf. 1961 a: 479, 623 og 1963: 387–88, 538, 562). Flugesendingane blir ofte stoppa. Dei gongene dei får gjort den skaden dei skal, flyg dei *ofan í* offeret, altså inn i munnen eller nasen på det; og kan da drepa offeret (Jón Þorkelsson 1956: 116, 349; Jón Árnason 1961 a: 326, 514, 580, 588; 1963: 546). Den eine segna om dette er knytt til året 1625 (Jón Þorkelsson 1956: 349). Det finst òg eit insekt som heiter *gand(a)fluga* (artsopplysning s. 67), men eg har ikkje sett den nemninga brukt om sendingsflugene. På færøyane finst det eit insekt som blir kalla *gandafluga*. Det skal ikkje vera bevart noka folketru som kan kaste lys over namnet (pers. oppl. frå Eyðun Andreassen, Fróðskaparsetur Føroya). På færøysk ser *gandur* ut til å vera det vanlege ordet for trolldom (Jacobsen og Matras 1961), så *gandafluga* skulle beint fram tyde 'trolldomsfluge'.

I dei eldste norske kjeldene, og ofte også i nyare kjelder, er gandfluge synonymt med gand, eller eit utsendt insekt blir kalla berre gand (ikkje gandfluge). Det såg vi hos Peder Claussøn Friis (s. 62) og hos Petter Dass (s. 62). Isaac Olsen (s. 62) og Knud Leem brukar òg gand og gandfluge synonymt (Leem 1956 [1767]: 484. Jamvel om begge stort sett skriv av Claussøn Friis, har dei òg sjølvstendige opplysningar om gandfluga.) Slik er det òg hos Gildeskål-presten Bruun i 1765 (sjå Hammond 1787: 459), hos Eriksen 1874:(xxxvi), hos O. T. Olsen (s. 64), i ei skildring frå Jämtland frå 1868 (Hyltén-Cavallius 1868: 16), på Innherad (Braset 1910: 178–79), i Setesdal (Lid 1921: 46) og fleire stader.

Gandfluga er ikkje noka "fluge" i dagens tronge tyding av ordet, jamvel om ho kan vera det (t.d. hos Broman ovanfor). Oftast liknar gandfluga eit av dei store, stikkande insekta, som kvefs, humle e.l., eller brems (som ikkje stikk. Men klegg blir no ofte blanda i hop med brems, som det er lite av i Noreg i dag. [Munnl. oppl. Lita Greve]). Folk i Rana fortalde Heltzen på fyrsten av 1800-talet at gandfluga "ligner en Humle, men er aldeles sort, lodden med store Øjne" (Heltzen 1981: 154) I ei segn frå Hardanger er gandflugene brann-gule (Lid 1950: 65), og i svensk Österbotten kan trolldomsutsende skadeinsekt vera både "geting, bi, [och] fjärl" (Forsblom 1917: 112, jf. 97). Skar fortel frå Setesdal at samane "skute [= skaut] noko små Dyr mest som Loppu" (etter Lid 1921: 46). Ei gandfluge sokneprest Bruun i Gildeskål såg på fyrstninga av 1700-talet, såg ut "som Spanske Fluer" (Brev frå 1765. Hammond 1787: 458–59), som er biller, liksom tordivelen. von Westen hadde teki fluga frå ein Nord-Helgelands-same som ville bruke ho mot han (Hammond 1787: 459). På Island er *gand(a)fluga* 'myhank, stankelbein' ('hrossafiðrildi', Árni Böðvarsson 1988), og det same skal *galdrafluga* (bokstavleg: 'trolldomsfluge') etter ei opplysning frå 1700-talet vera (Lid 1921: 47, entomologisk utlagt av Greve 2002: 27). Den færøyske *gandafluga* skal vera ei "lille flue af grøn farve med metalglinsende vinger" (Jacobsen og Matras, 1961). Ovanfor såg vi at låten av gandfluga i Salten vart jamført med ein tordivel.

Dei som har granska gandfluga og gand generelt har gjerne jamført med *gandr* i norrøne kjelder og *gandus* i *Historia norvegiæ*. Den er truleg frå andre halvta av 1100-talet (Salvesen 1969: 10), og skriven på latin, men i den latinske teksten blir det gammalnorske ordet *gandr* brukt, i latinisert form. – Der blir det fortalt at nokre "profeter" (*Norges historie*: 22) blant samane spår "Ved hjelp av en uren ånd som de kaller *gandr*" (ibid; *gandum/gandus* i originalen). Med slike *gandar* kan dei òg lokke til seg ting dei vil ha og fortelja om løynde skattar langt unna, får vi veta. Så kjem denne skildringa:

En gang da noen kristne som drev handel med finnene, satt til bords med dem, falt kona de bodde hos plutselig død om. De kristne begynte å sørge og klage, men finnene tok det ikke det minste alvorlig. Hun var

ikke død, sa de, men var rammet av *gand* fra noen som ville henne vondt, og kunne lett bli brakt til live igjen. Dermed spredte en trollmann ut et klæde; under det hadde han forberedt seg til å synge de hedenske tryllesangene sine. Så løftet han et lite kar høyt i været; det var av form som et såld og var fylt med forskjellige små figurer: hvaler, reinsdyr med seletøy og ski og til og med en liten båt med årer, alt sammen redskap som djevelen [rettare: "den djevelske *gandus*", (*diabolicus gandus*)] ville nytte for å komme fram, over snøvidder og ned etter lier og over dype sjøer. Etter at han hadde galdret og danset med dette utstyret, falt han over ende, svart som en neger over hele kroppen, mens fråden stod om munnen på ham så en skulle tro han hadde mistet vettet. Med ett satte han i et brøl idet maven revnet og han oppga ånden. Da spurte de en annen som var kjent med slik trolldomskunst hva som hadde hendt med disse to. Denne andre tok da til med kunstene sine på samme vis, men med et ganske annet utfall; for denne gangen sto kona opp igjen, frisk og sunn, mens den døde trollmannen forble død, og det hadde foregått på denne måten forklarte den andre: *ganden* til trollmannen var blitt omskap til en hval, og da den i voldsom fart for gjennom en innsjø, støtte den ved et rent uhell på fiendeganden som var blitt omskapt til spisse påler [*sudes*]. Disse pålene stod gjemt på bunnen av sjøen, og så skar de seg gjennom magen på den *ganden* som var blitt drevet ut – det var klart nok etter det en så på trollmannen hjemme. (*Norges historie*: 22–23. *Gand* osb. kursivert av meg. Jf. *Monumenta historica norvegiæ*: 84–86)

Gandr og ord avleidde eller samansette med det er nemnt fleire gonger i dei norrøne kjeldene:

- *Völuspá* 22 og 29 er noko uklære, men det går fram at *gandr* er knytt til spåing og *seiðr*, som Strömbäck definerer som eit slag "extatisk trolldom" "som avsåg antingen skadegørelse mot viss person [...] el. vinnande av kunskap om människors framtid, kommande väderleksförhållanden, äring m.m." (Strömbäck 1970: 78, 75. Ekstase = trance, jf. Bäckman og Hultkrantz 1978: 19 ff.)
- *Fóstbræðra saga* fortel at ei Tordis jamrar seg i søvne, vaknar tungpusta, og fortel: "vidt har eg sendt gandar el. fari på gandar i natt, og no har eg fått veta ting eg ikkje visste før."² (*Fóstbræðra saga*: 243). 'Sendt gandar' og 'fari på gandar' er likeverdige omsettingar.

² Omsettingane frå norrønt er mine, så sant ikkje anna er sagt. Originaltekst: *Víða hefi ek gōndum rennt í nótt, ok em ek nú vís orðin þeira hluta, er ek víska eigi áðr.*

• I *Þiðreks saga* heiter det at dronning "Ostasia fór ut og rørte på ganden sin el. sette ganden sin i rørsle. Det kallar vi at ho fór for á seide el. tok til med á seide, slik det vart gjort i gamletida, at dei trolldomskunnige kvinnene som vi kallar volver skulle seide han (honom) seid."³ (*Saga Þiðriks konungs af Bern*: 304) På den måten får ho samla rovdyr som hjelper mannen hennar i eit slag, i lag med henne sjølv i hamen av ein flygande drake (*flugdreki*). I den blir ho sára slik at ho døyrr, i sin eigen ham. (ibid).

• I *Forsteins þáttur Bøjarmagns* (:322) ser Torstein hos nokre underjordiske ein gut fara i *gandreid* 'gandritt' på ein krokstav (*krókstafr*). To andre kjelder som nemner *gandreid*, er meir uklære.

• *Gandr* er brukt i fleire skaldekvede, oftast med ei litt vag tyding "skadegjerar". I ei strofe av Hild Rolvsdotter går det fram av gjenomgåande ulvebilete at *gandr* tyder 'ulv' (*Skjld B I*: 27).

• Fenrisulven blir éin stad kalla *Vánargandr* (*Skáldskaparmál* 24). Midgardsormen blir to stader kalla *Jormungandr*, 'den veldige ganden': I *Ragnarsdrápa* 16 (*Skjld B I*: 4) og i *Völuspá* 50.

• Diminutiven *gondull*, m., "liten gand", blir i *Bósa saga* brukt om 'penis' (*Bósa saga ok Herrauds*: 308). Ordet finst òg i eit norsk diplom frå fyrstninga av 1300-talet. Ragnhild Tregagås vil skilja elskaren sin frå kvinna han har gift seg med, og forbannar mannen: 'Eg kastar frå meg *gonduls* ánd, måtte éin bite deg i ryggen, ein annan i brystet, den tredje vende hat og avund mot deg'⁴ (*Diplomatarium Norvegicum IX*: 113).

Tidlegare forskning

Hans Hammond var den fyrste som prøvde å undersøke kva insekt og naturlege plager gandfluga kunne ha opphav i (Hammond 1787:

³ *O[stasia] ferr út ok hrærdi sinn gand, þat kollum vér at hón fær i at seida svá sem gort var í forneskiu at fjólkungar konur þær er vér kollum vólur skyldu seida honum seid*. Normalisert av meg. Slutten av setninga er forvanska. Strömbäck (1935: 106) foreslår at *seida honum seid* er forvansking av *seida monnum seid* – 'seide folk seid'.

⁴ Ritt ek i fra mer gondols ondu æin þer i bak biti annar i briost þer biti þridi snui uppa þik hæimt oc ofund.

459–462). Frå naturforskaren Hans Strøm fekk han ei fråsegn som konkluderte med at opphavet til trua var brems eller andre insekt som legg egg i kroppen på dyr og stundom menneske. Hammond sette òg gandførestellingane i samband med dei ballane av ufordøydd hår o.a. som dannar seg i krøttermagen (ibid: 459).

Schefferus ser ut til å identifisere skott, trollskott og tyre, som han har frå sine heimelsfolk, med gand. Han resonnerer da ut frå motivlikskapen, m.a. at Claussøn Friis seier at samane *skiude* gand (Schefferus 1956: 181–183).

Johan Fritzner meiner at gand generelt opphavleg hadde "Betydningen av en Kjep eller Stage" (Fritzner 1877: 164). Det bygger han på at det på hans tid i Vestfold kunne heite om ei ku som får ei kvass grein i sida at ho "gandløyper sig" (ibid) og at langsmale fjordar og vatn har namn på *Gand-* o.l. Gandfluga avviser Fritzner som ei mistyding hos Claussøn Friis, fordi det ikkje står noko om ho i eldre skrifter og fordi "alle den senere Tids ivrige bestræbelser for at faa opsporet" gandfluga har mislykkast (ibid: 190, jf. 182–83, 188). Mistydinga skal ha oppstått av eit tenkt, gammalnorsk **gandflaug* "gandfløg", og opplysningane i yngre skrifter skal skrive seg frå Claussøn Friis. Dette har fått liten tilslutnad.

Nils Lid er den som har granska gand mest inngående. Han var folklorist, og bygde mest på folketradisjon frå nyare tid. Han plasserer gandfluga som ein variant av ei vidt utbreidd førestelling om skadelege prosjektil utsende av trolldomskunninge: insekt; små ballar av ull, filler, hår, grisebust, negler; beinfliser, m. m. (Lid 1927: 335 ff). Sørøver i Noreg vart dei kalla mange ting, som *finnskott*, *gandskott*, *alvskott*, *trollskott*, *dvergskott*⁵, *alvepil*, *gandnåler*, *finnkule*, *gandkule*, *alvkule*, *dvergekule*, osv. (Lid 1921, 1927: 335 ff). Nemninga *gand* vart særleg brukt i Nord-Noreg. (Lid 1927, særleg s. 337) I Sverige vart prosjektillet kalla *trollskott*, *lappskott*, *trollknutar*, *trolltyre*, *tyre*, *våderskott*, m.m. (Lid 1921: 39 ff, 1927: 339 ff). Førestellinga er ofte at

⁵ Men det er ikkje noka tradisjonell, folkeleg førestelling hos oss at lumbago o.l. er "skott" ("hekseskott"), seier Lid (1921: 43).

“opphavsmannen sjølv (i ham) går gjennom lufti som “skot””, seier Lid (1921: 40). Som Hammond (/Strøm), set han truene om trolldomsprojektillet i samband med hårballane i krøttermagane og insekt som legg egg i dyr. Helst er det den kuleforma projektilvarianten som har med hårballane å gjera (Lid 1921: 51). Schefferus sitt tyre (nemnt s. 65) ser ut som ein hårball, seier Lid (1927: 340).

Lid prøver å vise at gand opphavleg var ein utsend “kvist eller flis [...] [som] valda sjukdom og daude, med di denne “utsending” som ein påle i holdet tenktest såra fe eller folk” (Lid 1927: 338). Han har fleire argument: Gand o.l. tyder i nordiske målføre ‘grein’ o.l., som krøtter kan skada seg på; og etymologane meiner grunntydninga er ‘kjepp, stake’ (ibid: 332–35). Dessutan tolkar Lid *tyre* som = norsk *tyri* ‘tjæreved’, som han ser som ein variant av stav, kjepp. Lid stør resonnementet m.a. på ei tru frå Telemark: Tørrfurutoppar kan kallast *fløgtyre*, og “Dæ ska vera utsent av finnænne dæ, å råkar dæ folk, så fær dom ein farleg sjuggdom. Å råka dæ krøtura, kælla dom dæ finnskot.” (Lid 1927: 346) Denne forklaringa av gand pregar sterkare og sterkare det Lid skriv om emnet, også gandfluga. Når 1700-talskjelda *Underretning om runebyggens rette brug* opplyser at kulekryssteiknet (Figur 1, nr. 18) på runebygg er “Gand-Flue” (Qvigstad 1903: 66–67), medan Jessen-Schardebøll (1767: 2–4, jf. Skanke 1945 c: 245) opplyser at det er “Noaaiden-Dirri”, seier derfor Lid i sin siste gandartikkel at forklaringa “Gand-Flue” er ei “omtolking” som er gjort “vilkårleg” av *Underretning*-forfattaren (Lid 1950 [1944]: 63, jf. 67). *Dirri* kan ikkje vera nokon levande skapnad, meiner Lid, for *dirri* er same ordet som *tyre*, og “har hatt tydinga: kvist nytta som trolldomsprojektil” (ibid). – Om dette siste, at *-dirri* etymologisk svarar til *tyre*, er det brei semje (Jf. t.d. Fritzner 1877: 183, note 2, Qvigstad 1893: 131, Manker 1950: 134, Itkonen m. fl. 1984: 1461⁶).

⁶ Friis meiner derimot *tyre* er “en uriktig Gjengivelse af det lappiske “divre,” Dyr, Insekt” (Friis 1871: 111). *Divre* skal vera lånt frå nordisk og svara til vårt substantiv *dyr*, n. (Qvigstad 1893: 132).

Manker identifiserer gandfluge med “noidedirre”, med “Finneskud” hos Randulf (s. 62), og med “trol kast”, som står på ei svensk rune-bomme, skrivi rett på trommeskinnet (Manker 1950: 131–33 o. fl. st.). Dette bygger Manker på at både gandfluge, “noidedirre” og trollkast er representerte med same teiknet, nemleg kulekryssteiknet (Figur 1, nr. 18), i tre runebyggforklaringar (ibid: 132–33). (J. A. Friis [1871: 40] hadde òg vori inne på at “Noaide-dirri” var = gandfluge, men utan å grunngje eller drøfte det noko nærare.) Vidare konstaterer Manker (ibid: 134) at tyre i kjeldene stundom er identisk med dei andre trolldomsprojektila, men meiner tyre fyrst og fremst er ein undertype, nemleg hårbollen, “Bezoarstein” (ibid: 134). På trommene finst det ingen teikn som “entsprechen” verkelege fluger, seier Manker (ibid: 133).

Rafael Karsten ser ut til å oppfatte “noaidendirri” som ei generell nemning for trolldomsprojektila til noaidane. I omtalen av slike projektil seier han fyrst at med “noaidendirri” “förstås den “trollpil” noiden utsänder för att förgöra eller skada sitt offer” (Karsten 1952: 101). Litt etter seier han om trollpila at ho kan “antaga olika former, formen av en verklig liten pil avskjuten med en miniatyrbåge, en splint eller sticka, en tagg, en liten sten eller benbit, en insekt, t. ex. en fluga, en geting en mask eller dylikt” (ibid: 102). Like etter viser han med nemninga “noaidendirri” attende til denne oppstillinga.

Lid og Rydving er skeptiske til at gandfluga eigentleg eller opphavleg høyrer til samisk tradisjon. Rydving seier det er “osäkert [...] i vad mån detta ursprungligen varit samiska föreställningar” eller er noko dei kringbuande folka har tillagt samane (Rydving 1987: 65). Gand vart tillagt samane, seier Lid (1935: 34, jf. 1950 [1944]: 70–71), “Men hjå dei finst korkje namnet eller umgrepet”. Korkje Rydving eller Lid dreg inn gandflugeopplysningane frå Hattfjelldalen (s. 63) i drøftinga av dette.

Fordi *gandr* i norrøne kjelder og *gandus* i *Historia norvegiæ* er dregi inn i tolkinga av gand i nyare tid, går eg også gjennom det viktigaste av det som er skrivi om dét. Fritzner identifiserer “profetane” i *Historia*

norvegiæ som noaidar (Fritzner 1877: 169–70). Han meiner *gandus* er brukt om to litt ulike ting (ibid: 170–71). I den fyrste delen av skildringa er det brukt om ånder (ibid: 170–72) som noaidane sender ut for å skaffe opplysningar. Dette ser Fritzner som parallelt til *Vøluspá* 22 og 29 (s. 68) og episoden med Tordis i *Fóstbrœðra saga* (ibid: 169–70, 199). I den andre delen av skildringa (hovuddelen) blir *gandus* brukt om noaiden si “egen af Legemet udfarne Sjæl” (ibid: 171), i framand ham (kval, rein, påle), seier Fritzner (ibid: 170–71, 168). Dette ser han som parallelt til Ostasia-passasjen i *Piðreks saga*. Indirekte parallellar til dette ser Fritzner i hamferder der ordet *gandr* ikkje er nemnt: Den trollkunnige mannen som Harald Blåtann sender til Island; han fer i kvalham (*Heimskringla* I: 271), slik som noaiden i *Historia norvegiæ* (Fritzner 1877: 168–69 og 171–72). Fritzner (ibid: 171–72) nemner òg seidkvinnene i *Friðþjófs saga ins frækna* (s. 72–80), som lagar uver at Fridtjov på havet, men døyr når Fridtjov drep to kvalar i uveret. Seinare seier Fritzner at *gandr* er “det Trolddomsmiddel” som den trolldomskunnige sende ut eller tok på seg eller reid på (Fritzner 1883–96). Da er gand hamen som ånda tek på seg, ikkje ånda sjølv. Vart ganden brukt til å ri på, heitte det *gandreid*, som Fritzner utlegg som riding på “et Dyr, et Menneske, eller endog en livløs Ting” (Fritzner 1877: 172).

Bäckman og Hultkrantz (1978: 100) oppfattar *gandus* som både hamen og ånda inni. Dei seier *gandus* er noaidens “assistant spirit or his soul” og at det er “uncertain whether it is an assistant spirit or a soul that is referred to in HN.” (ibid: 108, note 27) Generelt seier dei om samhøvet mellom “helping spirit” og “free-soul” at “To make a clear distinction of these concepts in action would purely be an academic undertaking” (ibid: 18), for det er “an oscillation between the conception of spirits in animal guise and the conception of the shaman’s own extra-corporeal form of appearance, his zoomorphic free-soul.” (ibid) Tolley (1994: 146) sluttar seg fyrst til dette, og seier at det i samisk tradisjon er “a basic identity between the shaman and his spirit helpers”, men kjem seinare (1995: 65–66) fram til at *gandus* i *Historia norvegiæ* blir brukt berre om hjelpeåndene.

Det Bäckman og Hultkrantz skriv som er viktigast for denne artikkelen, står i ein fotnote. Dei seier at gand i mange kjelder, m.a. *Historia norvegiæ*, “stands for the free-soul or guardian spirit which both may play the same projectile role. [...] In Swedish sources the word “tyre” was used for the same phenomenon; the Lapps have it in the form *dirre*” (Bäckman og Hultkrantz 1978: 61, note 53). Dei meiner altså at den utsende frisjela og hjelpeåndene kan fungere som prosjektil, og koplar utsendinga av dei til gand/tyre-komplekset.

Drøfting

Det er utan tvil mistenkjeleg at 16- og 1700-talskjeldene ikkje ser ut til å nemne noko samisk namn på gandfluga. Misjonærene brukar gjennomgåande samiske namn på dei samiske gudane, maktene og truene. Men akkurat når det gjeld gandfluga, brukar dei det norske namnet, og berre det. Likevel er det mykje som stemmer best med at gandfluga verkeleg høyrde til samisk tradisjon på 16–1700-talet. Presten Bruun sine opplysningar om gandfluga (s. 67) verkar truverdige. Eg kan ikkje sjå nokon grunn til at Bruun (eller von Westen) skulle ha skrønt i hop dei. Historia om Grøn-Snerren (s. 65) verkar òg truverdig i detaljane, og har form av augnevitneskildring med samene til stades. Han er da ikkje nokon fjern syndebukk for alt som går gali. Opplysninga i *Underretning* om at kulekrysssteiknet (Figur 1, nr. 18, jf. s. 63 her) på runeboomma står for gandfluge, får truverde av at opplysninga kjem frå eigarane, to namngjevne samar (Qvigstad 1903: 68, Manker 1950: 307). Opplysninga blir elles langt på veg sanna av uavhengige kjelder. Som nemnt, blir kulekrysssteiknet på ei tromme som har teiknforklaringar skrivne rett på trommeskinnet, forklart som “trol kast” (Manker 1950: 4, 217 ff, særleg 221). Som vi har sett (s. 70), kan ei mengd trolldomsprojektil sjåast som variantar over same temaet. Ikkje sjeldan går dei heilt over i kvarandre. “Gandskot eller gandfluge var eit lite fly (insekt)”, heiter det i ei kjelde frå Nordfjord (Myklebust 1973: 164), og i to skildringar frå Kemi i Nord-Finland, frå 1759 og 1850, heiter det at “Skått-pilen” (“Ruten nuoli”) er eit flygande insekt (Lid 1950 [1944]: 67–68). I ei kjelde frå Tydalen blir utsending av gandfluger oppfatta som skott: “De skjød med

Gandfluer og Gandnaale" (Hansen 1873: 94). Allereie Claussøn Friis seier at samane *skiude* gand (s. 62). Frå Sparbu i Inn-Trøndelag heiter det at den som kan gande "sætt ut" noko "ein [kalle] gannfluggu, men de e bærre i namn." (Braset 1910: 179) På bakgrunn av dette, er det grunn til å oppfatte trollkast som = trollskott og dermed som ein variant av same førestellinga som gandfluga. (Slik oppfattar også Manker [1950: 221] og Kjellström/Rydving det [1988: 16].) Forklaringane på "trollkast"-tromma er truleg skriven av presten og samnen Graan i Lycksele i Västerbotten i 1688 (Manker 1950: 217), altså over 30 år (Rydving 1995: 34, note 79) før runebomma i *Underretning*, og dessutan frå eit heilt anna område. Trollkast-tromma er altså ei uavhengig kjelde som samsvarar med at kulekrysssteiknet står for gandfluge.

Haldepunkt for gandfluge-/trollskottkomplekset finst òg på andre trommer. På ei av trommene hos Rudbeck (1938[1689]: Tab.14, fig. 50) er det teikna eit ubestemmeleg, men tydeleg insekt (Figur 2, oppe til høgre i midtfeltet). Det tolkar Manker som "Vielleicht ein "Spiritus familiaris" [...] "Gandfluga", Zauberfliege." (Manker 1950: 215–16. Meir om spiritus familiaris s. 88.) Same teiknet utan hovud står på tromme B hos Schefferus (Figur 3, like til høgre/nedanfor midten. Schefferus 1956[1673]: 157) og på den "uekte" tromma til Wegelius frå 1700-talet (Manker 1938: 50. Teiknet står midt på til høgre). På tromme 43 hos Manker ser teikn nr. 55 òg mest ut som eit insekt (Figur 4. Manker 1950: 353). Itkonen (1946: 145) tolkar det som ein "Zaubervogel", Manker (1950: 355) som "Ein Noidtier, vielleicht die Kombination eines Bibers und eines Vogels." At dyret er åtteføtt, høver dårleg med dét, men godt med at det er ei kongro. (Bortsett frå fottalet, minner teiknet likevel om eit teikn Lyckselepresten forklarar som bever. von Düben [1873: 515, "Fig 19"] forklarar det som "trollfogeln". Sjå Manker [1950: 219, 221 pkt. 15]. Men på ei runeemme som berre er kjend frå Friis, finst eit teikn som liknar noko på denne og som ser ut som ei kryssing av bever og fugl, og som Friis forklarar som "Vuornes-lodde, Troldfugl" [Friis 1871: 32–33. Jf. Manker 1950: 212].) På Hoggeur si teikning av ei tromme han skal ha sett i svensk Lappland i 1828, kan hende i Arjeplog, er

det teikna eit flygande insekt (figur 5, oppe til høgre, under "kammen". Jf. teiknet øvst midt på. Opplysningar og teikning frå Manker 1938: 56). Dessverre kan vi ikkje lite på teikninga, for ho ser ut til å vera gjord etter minnet lenge etterpå (ibid). På trommie G hos Schefferus (1956: 163) blir eit kryss utan kuler i endane forklart som "Dödligt trollskott" (Teikn 149. Schefferus 1956 [1673]: 164. *ictus teli magici lethalis*, Manker 1950: 181). Schefferus si tolking skal skrive seg frå Christoffer Utterius frå Torneå og vera datert 1673 (ibid: 834). Ho skal gjelde ei tapt tromme som vi kjenner gjennom ein bevart kopi og gjennom Schefferus si teikning (ibid 1938: 831 ff). Eit anna kryss (Figur 6, 108) på denne tromma forklarar Schefferus (Utterius) som "Trollskott" (Schefferus 1956 [1673]: 164. *jacula magica*, Manker 1950: 176). Eit anna teikn blir forklart som "Tyre, dvs. en trollkula" (Schefferus 1956 [1673]: 164. *tyre, i.e. pila magica*, Manker 1950: 176). På trommekopien er dei to teikna skilde (t.h. i figur 6), på Schefferus-teikninga heng dei i hop (t.v. i figur 6, to variantar av teikninga). Tyret ser verkeleg ut som ein slik hårball som det gjerne blir sett i samband med (s. 71, 72). (Det er elles mogeleg å sjå ein glidande overgang frå dét til insektet i figur 2, via den nemnde, hovudlause varianten i figur 3. [Også på to uekte trommer, Manker 1938: 50 og 828.] Manker lurar på om ei slik "lodden" kule på ei sørsamisk tromme er eit tyre [Manker 1950: 243–44, teikn 39]. Kula er plassert om lag der krysskuleteikna brukar å stå.)

Den tromma Schefferus/Utterius forklarar er problematisk med di ho ikkje er noka eigentleg samisk tromme, men ser ut til å vera laga som ei samling av trommeteikn (jf. Manker 1938: 835). Det er derfor uvisst kva vekt ein kan leggja på opplysningar derifrå. Likevel stør dei opp under at gandflugeteikn / trollskott-teikn fanst på trommene. Det er mogeleg at også kryss utan kuler i endane kan stå for gandfluge/trollskott. (Med kuler: Teikn 18 på figur 1.) Dei to nemnde teikna for "(Dödligt) trollskott" på Schefferus/Utterius-tromma kan tyde på det for dei er slik, og det kan også det at kryss utan kuler på nokre trommer står i same området som kulekryss elles står (nede til høgre) (sjå Manker 1950: 229).

Eit sterkt argument for at forteljingane om gandfluga speglar røynelege samiske førestellingar, er det også at misjonærane nemner samiske namn, til og med ymsande namn, på fuglane som leverer gandfluger til noaidane (s. 62 her, jf. oversyn hos Rydving 1987). Somme har jamvel detaljerte skildringar av korleis fuglen kjem med flugene og spyr dei ut eller ristar dei av seg (t.d. Randulf, Qvigstad 1903: 50). Det er ingen grunn til å tru at misjonærane ville skrive slikt dersom dei ikkje hadde opplysningar frå samane om slike insekt og slike fuglar. Det er òg slående korleis opplysningane stemmer med den samiske gandflugeskildringa frå Hattfjelldalen 150–250 år seinare (s. 63). Umiddelbart kan det synast som eit problem at ordet som der blir brukt for gandfluge, *gane-čureg*, ser ut til å vera lånt frå norsk *gandfluga* (sørsamisk *tjovrehke* = 'flue, flyvende insekt', Bergsland / Mattsson Magga 1993. *Čureg* er anna normalisering). Men lånet kan vera svært gammalt. Qvigstad har notert eit ord *gāntak* (pl.) 'eine Art lappische Zauberei' frå Karlsøy-Helgøy-dialekten av nordsamisk (Qvigstad 1893: 164. I eintal med moderne rettskriving blir det *gānda*). Det må vera lånt før den nordafjellsnorske assimilasjonen av *-nd-*, som kom frå midten av 1300-talet (jf. Indrebø 1951: 235). At Hattfjelldals-ordet har assimilert form, viser ikkje at det er lånt etter den allmenne assimilasjonen. For i eit samansett ord som *gandfluga*, med fire konsonantar på rad, ville *-nd-* regelmessig bli assimilert alt i gammalnorsk (jf. Noréén 1923: 212 ff.), til */²ganfluva/.

Jamvel om ein godtek at *gandfluga* / trollskottet høyrde til samisk tradisjon på 16–1700-talet, manglar det ei avklaring av samhøvet mellom *gand* i mellomalderkjeldene og *gandfluga*. Der har eg eit forslag. Eg meiner ein i granskinga av *gand* frå nyare tid, som særleg er *gandfluge*, generelt ikkje har lagt nok vekt på kva *gand* er i mellomalderkjeldene. *Gand* i nyare tradisjon må ha utvikla seg frå det som heitte *gand* i mellomalderen, og bør derfor forståast ut frå det. Vi skal derfor sjå nærare på *gand* i mellomalderkjeldene.

Eg tek utgangspunkt i Bäckman og Hultkrantz si oppfatning av *gandus* i *Historia norvegiæ*: *Gandus* er sjamanens tranceutsende frisjel/hjelpeånder i ham. Tek ein teksten på ordet, kalla samane

dette for *gand*. Det er eit norsk ord, så dette heng vel slik i hop at samane brukte det når dei snakka med bumennene. Og ordet dekte tydelegvis meininga for nordmannen som skreiv *Historia norvegiæ*. Det er ei kjend sak at liknande førestellingar fanst i norrøn religion, så norrønt må ha hatt ord som beskriv det. Skildringa av Odin som sjaman er kjend: "Odin skifte ham. Da låg kroppen hans som sovna eller daud, men han var da fugl eller firføtt dyr, fisk eller orm, og fór på eit blunk til fjerne land i eigne eller andre sine ærend." (etter *Heimskringla* I: 187) Slike førestellingar var altså levande på Snorre si tid. Går vi til dei ovan siterte gandtekststadene frå norrøn litteratur, så ser vi at dei skildrar ovringar som står nære det vi ser i *Historia norvegiæ*. *Gand* knytt til spåing og trance (ekstase, *seiðr*) finn vi i *Völuspá*. Utsending av *gandar* for å skaffe opplysningar finn vi i *Fóstbræðra saga*, og at *gandutsending* skjer i trance finn vi òg der. Anten vi les *gøndum rennt* som 'sendt *gandar*' eller 'fari på *gandar*' (sjå s. 68), er det helst eit slag trancereise det er snakk om – berre med den mellomdupe trancen (steg 2) som Bäckman og Hultkrantz (1978: 95–96) skisserer i si inndeling. Bø oppfattar det slik at "draume-tankane" til Tordis "har teki form av g[andar]" (Bø 1960: 184). Mellom *gand* i *Piðreks saga* og i *Historia norvegiæ* er det fleire berøringspunkt. Det er uklårt kva *hræði sinn gand* tyder (sjå s. 69). (Etter det eg har sett, har granskarane unngått å ta stilling til det.) Den næraste omsettinga er "rørte på *ganden sin*", men det gjev lite meining. Ein skulle kunne omsetta: 'sette *ganden sin* i rørsle', ut frå kva *hræra* tyder i ei setning som *vindr hrærir stór hóf* 'vinden set store hav i rørsle' (*Edda Snorra Sturlusonar*: 26). Å "setta *ganden sin* i rørsle" kan da vera det same som å "sende ut *ganden sin*", men treng ikkje vera det. Kor som er, oppfattar eg "Det kallar vi ..." osb. som eit tillegg som skal forklare dei som ikkje veit det kva det vil seia å *hræra sinn gand*. Dermed skulle ein rimeleg kunne oppfatte denne tekststaden slik: Med *seið* set Ostasia *ganden sin* i rørsle. (Kanskje òg: Med *seið* sender Ostasia ut *ganden sin*.) Når *seið* inneber eit slag

⁷ Óðinn skipti hómum. Lá þá búkrinn sem sofinn eða dauðr, en hann var þá fugl eða dýr, fiskr eða ormr ok fór á einni svipstund á fjarlæg lǫnd at sínum ørendum eða annarra manna.

trance, er dette da nokså parallelt til skildringa i *Historia norvegica*. Det same er hamskiftet, slåstinga i dyreham og det at "eigaren" får same lagnaden som hamdyret. Dessutan minner dyra som hjelper til i slaget om hjelpeånder i dyreham. Her kan ein jamføre med gand i tydinga 'ulv' (Hild Rolvsdotter-strofa) og at Fenrisulven blir kalla *Vánargandr*. I Ragnhild Tregagås-historia er det òg snakk om ut-sending av ånd(er) (*ondu*), og det at dei eller *gondull* skal bite, kan tyde på at dei er tenkte i dyreham. At den utsende *gandus* kan ta påleham, finn vi att i det at *gandr* på norrønt òg har hatt eit tydings-element 'stav'. Jamfør *gandreid* 'gandritt' – det Torstein rid på i gandritt, er ein stav (ovanfor s. 69). *Jormungandr* (Midgardsormen) kan tolkast som 'den veldige staven', og det er vel stavtydinga som gjev *gondull* 'penis' meinig. Jamfør òg etymologien, innsjø- og fjordnamna og dei nynorske tydingane 'kjepp' osv.

Eg vil fram til at gand i mellomalderkjeldene ser ut til å vera ein åndeutsending i ham som trolldomskunnige (sjamanar) sender ut, helst i trance. Hamen kan vera eit dyr eller ein stav/påle, og ut-sendingen skal normalt skaffe opplysningar eller gjera skade. Ein variasjon av temaet er ganden som overnaturleg ride"dyr"; ein kan ferdast på ganden i staden for inne i han. Den same variasjonen mellom i og på finn vi òg i hamferder i norrøn litteratur der gand ikkje er nemnt. Såleis er seidkona Torveig i *Kormáks saga* (s. 265–66) i kvalham når ho er etter Kormak, medan seidkonene i *Fridþjófs saga ins frækna* (s. 72–80) sit på kvar sin kval når dei lagar uver åt Fridtjov på havet (og samstundes er synlege på seidhjellen heime). – Det er ingen belegg for at gand i mellomalderkjelder er brukt om 'trolldom', slik som i nynorsk og færøysk. Den tydinga må vera utvikla seinare. Dermed er det hamutsendingen gandførestellingane i nyare tid må utleiast av.

Går vi til 1700-talskjeldene til samisk tradisjon, så finn vi gand brukt om det same der. Jens Kildal seier: "Naar Noyden setter gan ud paa andre, da bruger hand" to særskilde fuglar, ein fisk, og, "naar det angaar store Ting" ein reinokse og ein mannsskapnad. Reinoksen brukar noaiden når han "setter gan ud mod en anden Noyd", som da

set sin reinokse imot. Det som da skjer med reinoksane (skade, daude), skjer òg med noaidane. (Kildal 1945: 138, 139) Litt seinare fortel Kildal om ei trancereise noaiden gjer for å lækje ein som er sjuk. Noaiden fer til dødsriket "i sin Passe vare guli", som er den nemnde fisken (ibid: 140). Skanke (1945a: 191) skriv om tilsvarande dyr: fugl, fisk/orm og reinokse, at "dedte tilsammen kalde Lapperne *Noides-Woeigni*", som tyder 'noaideånder' (voejkene, sjå Bergsland / Mattsson Magga 1993). Seinare reknar Skanke enda meir med blant desse "noaideåndene" (da også kalla "*Noiden-djelles* (Noidens skjygger)"), m.a. *Noiden-dirri* (som eg kjem inn på seinare) og ein "Gandstav". Gandstaven skal vera "skikket som een Øse og sær forgivet" og kan brukast i staden for gandfluga til å setta sjukdom på folk. (Skanke 1945 a: 206, 207. Staven blir berre brukt til å slå med, er det likt til, ikkje til utsending.) Varianten at noaiden i åndeferd rid på eit dyr, finn vi blant samane òg: Svin er noaidane sine "Heste, naar de farer i sine aandelige Troldsyner at stride mod andre Ganfinner", fortel Olsen frå Finnmark (Qvigstad 1910: 7, jf. 10).

Da vil eg dra fram nokre døme på at førestellinga om ham-utsendingane frå noaiden har levd i samisk tradisjon fram til vår tid. I ei forteljing frå Tana er noaiden Biituš i fjellvåkham og vil kvelve båten til noaiden Bavuš-Niilás. "det er den pokkers Biituš!"⁸, seier Bavuš-Niilás når han ser fjellvåken. (Qvigstad 1928: 482–85) I ei forteljing frå Nord-Troms eller Finnmark i 1924, heiter det at "den høieste noaide er flyver-noaiden [gir'di noai'di], og hans legeme ligger stille mens han flyver."⁹ Ei jente og ein gut i Karesuando i Nord-Finland vart usams. Guten "fløi da ut av legemet og ut til sjøen. Piken fløi efter, og gutten før ned i sjøen."¹⁰ Jenta prøvde å fiske guten, men han laga uvêr så ho ikkje fekk det til. Guten flaug vidare, til Kautokeino, og ned i elva. Jenta prøvde å fiske han, men han grumsa til vatnet. Han vann til slutt, med hjelp av kyrkjegardsfolk. "Legemet ligger stille på jorden; men det skal folk ikke

⁸ læ juo dâm Bituš dädde!

⁹ Alimus noai'di læ gir'di noai'di, ja rumaš orro jas'ka dam gaska go læ gir'dime.

¹⁰ de gir'dili eret rubmašest ja gir'di merri. Niei'da mannjai gir'dili, ja bar'dni manai merri.

røre, ikke én. [...] Den som taper, dør"¹¹, heiter det. (Qvigstad 1928: 488–91) Her står det ingen ting om at frisljelene var materialiserte i ham når dei var ute på ferd, men når jenta prøvde å fiske guten, var vel gjerne frisljela hans i fiskeham. Den kjende noaiden Johan Kåven (Koven) frå Porsanger ville ein gong hemne seg på ein fiskar, men fiskaren blir åtvare av ein annan trolldomskunnig: "det er satt gand på deg". Den andre trolldomskunnige sender ganden attende, og den er ein kval som mesta kvelver båten til Kåven. (Qvigstad 1928: 484–87) "det er satt gand på deg" heiter i originalen *Don læk bid'djum*, som kan omsettast med 'Du er påsett' (Atså: 'På deg er sett'. Bokstavleg: "Du er sett"). Same uttrykksmåte blir brukt når ganden blir send attende: *De [...] li biddjam* (Qvigstad 1928: 486). Substantivet som svarar til dette er *bijat* 'noe som er lagt på en ved trolldom' (Kåven m.fl. 1995).

Noaiden kan òg opptre i insektham i strid med ein annan noaide. I ei segn frå Kautokeino (1926, Qvigstad 1928: 490–91) blir to noaidar usams, og den eine flytter. Han stoppar når han går gjennom ein tett furuskog der det blir trongt å komma fram. Der bind han ei flaske til to store furuer og legg seg til å sova. Medan han søv kjem det ein tordivel etter stigen og går seg inn i flaske, han sprellar så furua skjelv. Tordivelen er den andre noaiden sin "gandengel" (*noaidi gaz'zi*), heiter det. Den fyrste noaiden brenner flaske og tordivelen, og "da døde den andre noaiden."¹² Her har vi brua mellom mellomalderens gand og gandfluga, meiner eg. Som i *Historia norvegiæ* og dei andre skildringane frå samisk tradisjon, finn vi ein noaide i dyreham i strid med ein annan noaide, og når dyret blir drepi, døyrr noaiden. Den uklære skilnaden mellom frisljela i ham og hjelpeånder i ham, finn vi òg her. På eine sida er det rimeleg å oppfatte det som frisljela til noaiden er i tordivelen, sidan noaiden døyrr. På hi sida heiter det at tordivelen er ein *noaidigázzi*, altså ei hjelpeånd (bokstavleg 'noaidefølgje'). Det som skil denne forteljinga frå mellomalderens gandforteljingar og dei tilsvarande motiva i

¹¹ ja rumaš væl'la jas'ka ædnan al'de; muttu æi dasa galga olbmuk guos'kat ok'tage. [...] Dat, gutte vuoitahalla, dat jabma.

¹² de jami dat nub'bi noai'di.

samiske tradisjon frå nyare tid, er at noaidesjela her er i hamen til eit insekt, og ikkje eit anna dyr. Likevel burde ein kunne oppfatte det som variantar av same motivet, når det ymsar slik kva dyrehamar noaidesjelene og -åndene tek på seg. Jamvel påleham tek dei på seg i *Historia norvegiæ*, som vi har sett. Når det gjeld det insektet noaidesjela tek hamen til i dette tilfellet, kan ein innvende at tordivelen er utypisk som gandfluge. Men gandfluga kan vera så mange slag insekt (jf. s. 67), og også tordivelen er nemnd i den norske gandflugetradisjonen: Gandfluga læt som tordivlar (Sjå s. 64). Den gandfluga sokneprest Bruun skal ha sett, såg ut som ei spansk fluge (Hammond 1787: 459), som er ei bille, nett som tordivelen.

Forslaget mitt er altså å oppfatte gandfluga som ein variant av åndeutsendingen i ham som noaiden sender ut. Også i gandfluga ser det ut til å vera ånder, vonde ånder. Leem seier at gandflugene er "Dievle i Fluers Skikkelse" (Leem 1956 [1767]: 483), og om lag det same meiner Schefferus (1956 [1673]: 181). Claussøn Friis (1881: 400) seier at gandfluga er eit "Troid", som i norske målføre kan tyde 'djevelen' (Jf. Ross 1971[1895], under *Troid* og *Tram*). Også i bumannstradisjonen finst førestellinga om at djevelen er i gandfluga (Olsen 1987 [1912]: 119–20). Noko slag ånd har det altså vori i gandfluga, jamvel om akkurat "djevelen" vel er ei kristen tolking. Det same kan ein kanskje sjå i Nærøymanuskriptet, som fortel at noaidane kan sende ut både *Noyde-Gadser*, *Finneskud* og *Gann-Fluer* (Qvigstad 1903: 49–50). I norsk folketradisjon er *finnskott* og *gandfluger* variasjonar over same temaet og kan vanskeleg skiljast. (Jf. s. 70). Det er ikkje urimeleg å tenkje seg at *Noyde-Gadser*, hjelpeåndene, er enda ein variasjon over det temaet, slik at dei tre utsendingane kan sjåast som tre sider av same sak. Niurenus kan sjå ut til å meine at det er ånder i dei "bollar" (jf. s. 66) som samane kan sende ut. Han uttrykker seg slik: "De ledsagas av ett visst antal andar, några av tre, andra av två, men åtminstone av en. Denne ha de blott til att försvara sig med. Man kan skicka ut allehanda ont medels bollar, ock ingen kan motstå dessa." (Niurenus 1905: 20)

I disse siste motiva er det helst hjelpeånder det er snakk om. Men trolldomsprosjektet som gandfluga soknar til (sjå s. 70), blir ofte oppfatta slik at "upphavsmannen sjølv (i ham) går gjennom lufti som "skot"" (Lid 1921: 40). Itkonen fortel at dette òg var trua blant dei finske samane: "Die Flugzauberer (*kir'di* n.) waren die tüchtigsten, sie konnten als Pfeile (Hexenschuss) oder Vögel fliegen und auch als sonstige Tieren auftreten" (Itkonen 1946: 116, jf. 159). Fellman (1906: 28) seier noko av det same, også om dei finske samane.

Noaidesjela i tordivelham står nære eit anna motiv i samisk tradisjon. I ei forteljing frå Storfjord i Lyngen frå 1924 går to fiskarar i land og legg seg til å sova. Den eine blir liggande vaken, medan den andre sovnar. "Da ser den første at som en stor makkflue [*suok'sa-čurøk* 'spyfluge'] syntes å fly ut fra nesen hans; men han så ikke sikkert om den kom fra nesen eller fra munnen."¹³ (Qvigstad 1929: 336–37) Fluga flyg til ei grastuve og surrar rundt der. Mannen blir vekt av ein fisk som sprett, og fortel at han har drøymt det er sølvpenngar under ei grastuve, men at han vakna da han ville ta dei. Kameraten lurar seg attende til staden seinare og finn ein skatt under tuva, utan å seia noko til han som drøymde. Etter dette krøkest lemmene hans, og han må til ei noaidekone for å få hjelp. Ho skjønar at skattegravaren har snytt kameraten, og seier at skattegravaren "har sett hans udødelige ånd ferdes ved sjølvskatten."¹⁴ (Ibid: 338–39). Kona til skattegravaren har før sagt det var "hans udødelige sjel"¹⁵ (Ibid: 338–39). I ein annan versjon kjem det ei humle ut or nasen på kameraten, og det heiter at det er "den manns lykke"¹⁶ (Ibid: 334–35) I ei forteljing frå Lebesby i Finnmark i 1924 heiter det at "Humlen er menneskets sjel"¹⁷ (Qvigstad 1928: 324–25). Der er det ei humle som flyg ut or nasen på han som søv. Humla flyg forbi ei tuve og langt av garde til ein hesteskrott, og inn i

¹³ De oai'na, go dego stuorra suok'sa-čurøk orui gir'dilæmi juni lut'te; mutte i oai'nam vis'sasit, buodigo junin vai njalmin.

¹⁴ do læk oai'nam su jabmimæt'tom vuoina hæridæmi sil'bačiega lut'te

¹⁵ jabmimæt'tom hæ'g'ga.

¹⁶ lei dam ol'ma lik'ko

¹⁷ Huw'lo læ ol'mu siello

den. Når mannen vaknar, har han drøymt at han har reist langt til ei kyrkje der det var mykje folk. "og det var ikke annet enn makk, og hesteskrotten var kirken."¹⁸

Førestellinga at menneskesjela kan ta insektham og ferdast ikring i den, er felles for desse forteljingane og den om noaiden i tordivelham. At utsendingen her kan fortelja om løynde skattar, stemmer med *gandus* i *Historia norvegiæ*. At utsendingen fer i veg når mennesket søv, stemmer med Tordis i *Fóstbrœðra saga*. Men at det skjer utan viljestyring, skil motivet i desse forteljingane frå dei vi har sett på før. I det stykket liknar dette meir på det norrøne hugmotivet. Der viser den vonde hugen seg for andre når dei drøymar, i ulveham. Hugen fer i veg utan at eigaren går inn for det eller er klar over det, og utan at kroppen hans blir sett ut av spel. (Jf. Mundal 1974: 42) Den vonde hugen blir likevel knytt til gand i mellomalderkjeldene med det at begge kunne vera ulv eller i ulveham (jf. s. 69). Dessutan kunne hjelpeåndene til Finnmarks-noaidane fara åt like sjølvstendig som den vonde hugen. Isaac Olsen fortel: "om Noiden ickun tencker ondt om Et menniske som hand bliver vred paa, saa for retter *Noidegadze* det straxt som hand tencker uden befalning og Noiden kand icke Raa med dem eller styre dem" (Qvigstad 1910: 49). I lys av det flytande skilet mellom frisjel og hjelpeånder, blir ulikskapen mellom menneskesjela i insektham og gandfluga da mindre. Avstanden minkar òg om vi dreg inn dei svenskösterbotniske førestellingane om trollskottet, som høyrer til same komplekset som gandfluga. Der ser det ut til å vera eit flytande skil mellom det medveti og det umedveti utsende trollskottet. Det kan sendast ut "genom vissa magiska handlingar", og det kan vera vonde tankar, vonde ønske og forbanningar som "antaga en viss materiell skepnad." (Forsblom 1917: 96) Ein annan ting som bind gandfluga og draumeutsendingen i hop er det at insekta fer gjennom nasen eller munnen. I ei gandflugehistorie frå Salten vil ei humle "av all makt inn i nasen" på offeret (Mo 1936: 10). Og dei islandske galdraflugene flyg inn gjennom munnen eller nasen på offeret (*ofan í* er tvitydig. Jåmfør uvissa med munn og nase i makkflugehistoria ovanfor.) når ærendet lykkast (Jón Þorkelsson

¹⁸ jå dât i læm ærago suovsâk, jå dât hæstârur'go læi gir'ko.

1956: 116, 349). Motivet med sjela som forlèt kroppen i insektham og finn ein skatt når mennesket søv, er ein variant av ein tradisjon som er vidt utbreidd i Europa og blir kalla Guntramlegenda (Alver 1971: 28, Christiansen 1958: 57–58). Men i den kan sjela ta hamen til mange slag små dyr, og det at sjela tek akkurat insektham, kan sjå ut til å vera eit nordleg eller nordaustleg trekk. (Christiansen [ibid: 58] har ein variant med ei fluge frå norsk bumannstradisjon, frå Hordaland.) I estisk folketradisjon er det ei førestelling om at sjela når mennesket søv kan forlata kroppen, helst i skapnad av insekt og små fuglar, men òg i skapnad av små mus, små ormar, m.m. (Loorits 1949: 290). Finn ikkje dette sjeledyret vegen inn att i kroppen, døyrr mennesket (ibid: 291). Ei liknande tru hadde Värmlands-finnane; dei trudde at sjelene til dei daude lever vidare i insekt, sommarfuglar eller fuglar (Markkanen 1987). Om førestellinga òg finst i heimefinsk tradisjon, har eg ikkje fått sjekka, men det er vel rimeleg, når utvandra finnar har førestellinga. Noko liknande finn vi i ei islandsk segn. Der er sjelene til dei fortapte fluger i eit bål i helvete (Jón Árnason 1961 b: 492). Når ein ser alt dette i samanheng, meiner eg at ògså den samiske førestellinga om menneskesjela i insektham peikar i retning av at gandfluga verkeleg er ekte samisk tradisjon.

Kan hende har gandfluga meir felles med utsende hjelpeånder i ham enn sjamanen si frisjel i ham. Noaiden i *Historia norvegiæ* døyrr når gandkvalen får buken riven opp og Ostasia i *Biðreks saka* døyrr etter at draken er vorten såra, og noaiden får same lagnaden som reinoksen han sender i strid. Men eg kjenner berre eitt døme på at utsendaren døyrr når gandflugene døyrr (Blix 1965: 85. Det er elles uvanleg at gandfluga døyrr eller blir øydelagd, eg kjenner berre to andre døme – hos Lid [1950 [1944]: 67], frå Vesterålen, og Mo [1936: 10]). Det finst likevel fleire døme på eit intimt samband mellom utsendaren og ganden, men da er det ei gandkule som er utsend, ikkje ei gandfluge. Når folk finn ganden i daude dyr (det synest vera snakk om ein hårball), tørrbrenner dei han (mellom to gryter), og da kjem troll-

kjerringa som har sendt ut ganden og bed om vatn¹⁹ (etter Lid 1950 [1944]: 335–36, ògså Storaker 1932: 103, Bjørndal 1949: 97, frå Møre). I ein variant kjem utsendaren “i Livsfare” dersom ganden blir funden (Romsdalen, Storaker 1932: 129). At gandfluga drep opphavsmannen dersom ho blir send attende (eitt døme frå Jämtland, Hyltén-Cavallius 1868: 16), stemmer vel heller ikkje med at frisjela til den trolldomskunnige skal vera i gandfluga. Men det skulle ikkje stri mot at ei hjelpeånd er i gandfluga.

Kva så med at kjeldene til samisk religion ikkje har noko samisk ord for gandfluge? Det hattfjeldalske *gane-čureg* kan ha vori brukt fleire stader. Men fordi gandfluga berre er ein variant av førestellingane om trolldomsprosjekt, krev ikkje gandflugetradisjonen at nemningane overalt inneheld ordet “fluge”. Som fleire har meint, er truleg både *nåejtiendirre*²⁰ og trollkastet (s. 72) variantar av same førestellinga som gandfluga. *Nåejtiendirre* kan såleis vera den samiske nemninga som “manglar” i 16–1700-talskjeldene. At vi ikkje har opplysningar om det frå andre enn Skanke (1945 a: 207, 1945 c: 245. Andre har det frå Skanke.), kan ha samanheng med kva det tyder. Bergsland forklarar *-dirre* i *nåejtiendirre* slik: “sydsam[isk] *dirrie* (“redskap; penis”), lulesam[isk] *tarrē* (“ont konstgrepp”), fi[nsk] *tyrä* (“testikkel; penis; pl. brokk; trollskott”), no[rsk] *tyre* (fra fi[nsk])” (Bergsland 1969: 457). Nordsamisk *dir’ri* har berre tydinga: ‘pikk, penis (hos smågutter)’ (Kåven m. fl., 1995). Det etymologiske motsvaret i finsk er *tyrä* (Jf. Lid 1927: 342 ff, Itkonen m. fl. 1984: 1460–61, o.m.fl.). I tillegg til ‘trolldomsprosjekt’ tyder det ‘brokk’, ‘rirkule’, ‘testikkel’ og ‘mannslem’ (ibid, jf. Lid 1927: 342). Same ordet finst i dei baltisk-finske språka, med tydinga ‘testikkel, mannslem’ (Itkonen m. fl. 1984: 1460–61). Frå finsk er ordet truleg lånt inn i svensk, av lydlege grunnar ikkje omvendt (Itkonen m. fl. 1984: 1460–61, Bergsland 1967: 27), slik Lid argumenterer for (Lid 1927: 342 ff). På bakgrunn av sambandet med finsk *tyrä*, er det grunn til å tru at *-dirre* i

¹⁹ Det same finn vi i førestellingane om trollkatten, som saug mjølk av andre sine kyr. Brende ein leivdene etter den, måtte “mora” komma, vanlegvis ovtyrst (Solheim 1952:334 ff).

²⁰ Moderne sørsamisk skrivemåte for *Noaiden-Dirri* hos Skanke (1945c: 245).

nåejtiendírre har tydinga 'penis'²¹. Den tydinga kan ha gjort at heimelsmennene har unngått å nemne ordet. At det likevel har vori vidt utbreidd, tyder det parallelle *tyre/tyrä* på. "I den tvångssituasjon samerna befann sig måste det ha varit frestande att t.ex. söka tillrättalägga sina begrepp för att dervid inte väcka förargelse", seier Bäckman i kjelddedröftinga si (Bäckman 1975: 52).²² At *nåejtiendírre* ikkje er belagt frå samisk tradisjon i nyare tid, kan komma av at det generelt, på grunn av kristninga, er overlevert etter måten lite tradisjon om noaidane og verksemda deira. Ord og førestellingar som var tabu etter den nye, kristne moralen, kunne særleg lett forsvinne.

Alle trommene med kulekrysteiknet er av sørsamisk type (etter inndelinga til Kjellström og Rydving [1988: 8–9]), så nær som to sentralsamiske som Manker er uviss på har kulekrysteiknet (Tromme 50, teikn 28; 61, teikn 29. Jf. Manker 1950: 221, pkt. 14. Jf. s. 64 her). Dèt gjev likevel neppe grunnlag for å seia at gandfluge-/trollskottførestellinga berre fanst blant samane i sør, for også frå nordsamisk tradisjon har vi opplysningar om gandfluge på 1700-talet (s. 62), og bumennene har gandflugetradisjon også rundt sentralsamisk område. Som nemnt (s. 75), er det teikn som ser ut som insekt på nokre trommer. To av dei er av nordleg type (Figur 2 og 4), éi av sentralsamisk type (Figur 3). Dessutan finst det kryss utan kuler i endane på sentralsamiske trommer, nede til høgre, der kulekryssa står på dei sørsamiske trommene står (Figur 7, teikn 29, frå Manker 1950: 407; dessutan Manker 1950: 385 og 408). Som nemnt (s. 76), er det somt som tyder på at kryss utan kuler òg kan stå for gandfluge/trollskott. Manker (ibid) lurar på om kryssa på dei nemnde trommene skal tolkast slik. Likevel kan materialet tolkast slik at gandflugeførestellingane har stått veikare i det sentralsamiske området. Det peikar også Rydving på når han går gjennom kjeldeopplysningane om noaidefluglane; han konstaterer at det frå sentral-

²¹ Korleis dette kan henge i hop, kjem eg til å drøfte i doktoravhandlinga eg arbeider med.

²² Jamfør at den kjende lappologen Wiklund i Uppsala skal ha skrivi til Lid at han "ikkje [...] kjenner dette *dirri* i nokon notids samedialekt" (Lid 1927: 345).

samisk område ikkje er nemnt nokon fugl som leverer gandfluger. Det "kan bero på att "ganden" där inte uppfattades knuten till flugor", seier Rydving (1987: 70). Det skulle vera mogeleg. Som vi har sett (s. 79), nemner Jens Kildal mange slag dyr som noaidane kunne setta gand med, og han skal ha sine opplysningar frå sentralsamisk område (Rydving 1987: 59–60). Av dyra Kildal nemner, finst i alle fall fisk, fugl og reinokse på sentralsamiske trommer (sjå t.d. Manker 1950: 410–415). Særleg er det mogeleg at det er ein glidande overgang mellom insekt og fugl. Også blant sørsamane fanst førestellinga om at noaidane "sette" fuglar på fiendane sine (Rydving 1987: 63). Turi (1920: 18[112]) fortel det same frå nordsamisk tradisjon: "And they send these devils [the helping spirits of the noaide] with a living bird, and that bird goes right to the person to whom it is sent."²³ I svensk Österbotten meinte dei at utsendaren av trollskottet kunne sitta, stundom i fugleham, inne i ein kvervelvind som kom med skottet (Forsblom 1917: 98). I to russlandkarelske trolldomsbøner er kvefsen epitet for trollfuglen *vaakalintu* (Honko 1959: 111–12).

Ein kan spørja om gandfluga er ein avleggar av den kontinental-europeiske *spiritus familiaris*, som er eit slag lukkebringande tenesteånd i skapnad av eit metallinsekt forvart i ein ask (Hammarstedt 1920: 52–53, Lid 1921: 49, note 1). Slike spiritusar er ikkje kjende frå Noreg (ibid), men frå Sverige (Hammarstedt 1920: 52–53), og var vanlegare på kontinentet. Påverknad frå spiritustradisjonen er likevel ikkje så sannsynleg, for spiritusar er ikkje kjende i Tyskland før barokken (Aulbach-Reichert 1995: 15), og i norrøne kjelder finst tre gonger motivet at ein trolldomskunnig tek på seg insektham for å skada andre (*Flateyjarbók* I: 276, *Edda Snorra Sturlusonar*: 122–23, *Egils saga einhenda*: 350). Hamferd i insektham skulle derfor vera kurant i norrøn kultur i mellomalderen. Det at både fastlandet, Færøyane og Island har førestelling om *gand(a)fluga* eller skadelege utsendingar i insektham, tyder også på at motivet er gammalt, fordi det da venteleg er felles arv. At det berre er 2–300 år frå dei norrøne

²³ Ja dat birut big'gjujtit æl'le lodde mielde, ja dat lod'de boatta jur dam ol'bmu lusa, gosa læ sad'dijuvvum.

kjeldene til Claussøn Friis sin heimelsmann på 1500-talet (jf. s. 62), gjer dette rimeleg. Kanskje gjer ei opplysning hos Olaus Magnus også det. I historieverket han gav ut i 1555, skriv han at hjelparane til dei samiske noaidane måtte passe nøye på at "intet lefvande väsen, myggor eller flugor eller andra djur, må komma vid honom." når han ligg "såsom död" (Olaus Magnus 1976: 161–62). Det om mygg og fluger tolkar Læstadius slik at folk ottast at gandfluger kunne "skada Nåiden under dess dvala." (Læstadius 1997: 154). Læstadius si tolking er kanskje tvilsam, men dersom ho er rett, kjende Olaus Magnus ei førestelling om gandfluge i Norden i fyrste halvdel av 1500-talet. (Olaus Magnus seier elles at noaidane sender ut fingerlange blyspjut for å "hemsöka människor med olika slags krämpor. Olaus Magnus 1976: 162). Det vender òg blikket bort frå kontinentet at førestellingar som minner svært om gandfluga er kjende frå sibirsk sjamanisme. (m.a. Olsen 1915: 206)

Lid sin hovudpåstand var at gandutsendingen opphavleg var ein kvass kvist. Eg avviser ikkje at gand kunne vera det og var det i mange tilfelle. Men det ser ut som den kvasse kvisten berre er ein del av biletet og at det er urimeleg å tvinge gandfluga inn under dét motivet. Det ser ut til å vera rimelegare å oppfatte den utsende ånda i ham som grunnforma, og å oppfatte både insektet (gandfluga), andre dyr og kvisten/pålen som variantar av hamen. Mitt viktigaste ærend i denne artikkelen har vori å vise at gandfluga er ein variant av dyret som åndeutsendingen kan ta hamen til. Eg meiner likevel ikkje at gandfluga står heilt på linje med dei andre dyra. Opphavet ser ut til å vera det same, men gandfluga er vorten så populær at ho er vorten eit sjølvstendig motiv.

Litteratur

- Eddakvede siterer eg frå *Eddadigte; Skáldskaparmál frá Edda Snorra Sturlusonar*
- Alver, Bente Gullveig. 1971. "Concepts of the Living Human Soul in the Norwegian Tradition." *Temenos* 7. 7–33
- Árni Böðvarsson. 1988. *Íslensk orðabók handa skólum og almenningi*. Önnur útgáfa, aukin og bætt. Reykjavík: Bókaútgáfa Menningarsjóðs

- Ásgeir Blöndal Magnússon. 1989. *Íslensk orðsifjabók*. Reykjavík: Orðabók Háskólans
- Aulbach-Reichert, Brunhilde. 1995. *Annette von Droste-Hülsthoff. Der SPIRITUS FAMILIARIS des Roßtäuschers. Ein Deutungsversuch auf der Grundlage der Analytischen Psychologie von C. G. Jung*. Kleine Rüschaus-Edition 4. Münster: Rüschaus
- Bergsland, Knut og Lajla Mattsson Magga. 1993. *Áarjelsaemien-daaroen baakoegærja. Sydsamisk-norsk ordbok*. [Indre Billefjord]: Idut
- Bergsland, Knut. 1967. "Hárbarðsljóð sett fra øst". *Maal og minne*. 8–40
- Bergsland, Knut. 1969. "Runebomme". Bd. XIV i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. Fra vikingtid til reformasjonstid*. 22 bind. Oslo: Gyldendal, 1956–1978. 455–59
- Bjørndal, Martin. 1949. *Segn og tru. Folkeminne frå Møre*. Norsk folkeminnelags skrifter 64. Oslo: Norsk folkeminnelag
- Blix, Dagmar. 1965. *Draugen skreik. Tradisjon frå Lofoten*. Norsk folkeminnelags skrifter 93. Oslo: Universitetsforlaget
- "Bósa saga ok Herrauds". 1954. I Guðni Jónsson (utg.). *Fornaldar sögur Norðurlanda III*. Reykjavík: Íslendingasagnaútgáfan
- Braset, Karl. 1910. *Øventyr, sagn. Gamalt paa sparbumaal*. Sparbu: K. Braset
- Broman, Olof. 1911–49. *Olof Joh: Bromans Glysisvallur och öfriga skrifter rörande Helsingland*. Utgifna af Gestrike-Helsing nation i Upsala genom Karl A. Hægermarck och Anders Grape. Del 1. Uppsala: Gestrike-Helsing nation i Upsala
- Buvik, Alfred. 1941. "Finnvand". *Håloygminne*. 18–19
- Bäckman, Louise og Åke Hultkrantz. 1978. *Studies in Lapp Shamanism*. Stockholm studies in comparative religion 16. Stockholm: Almqvist & Wiksell
- Bäckman, Louise. 1975. *Sájva. Föreställningar om hjälp- och skyddsväsen i heliga fjäll bland samerna*. Stockholm studies in comparative religion 13. Dr. philos.-avhandling, Stockholms universitet. Stockholm: Almqvist & Wiksell
- Bø, Olav. 1960. "Gand." I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder V*. Oslo: Gyldendal. 183–85
- Christiansen, Reidar Th. 1958. *The Migratory Legends. A Proposed List of Types With a Systematic Catalogue of the Norwegian Variants*. Helsingfors: Academia scientiarum fennica
- Claussøn Friis, Peder. 1881. *Samlede Skrifter af Peder Claussøn Friis*. Udgivne for den norske historiske Forening af Dr. Gustav Storm. Kristiania: A. W. Brøgger
- Dass, Petter. 1989. *Nordlands trompet. Den norske dale-viise*. Ved Didrik Arup Seip. Med innledning av Solveig Tunold. Oslo: Aschehoug

- Diplomatarium Norvegicum* I ff. Utg. Chr. C. A. Lange og Carl Unger, Christiania 1847 ff.
- Düben, Gustaf von. 1873. *Om Lappland och lapparne, företrädesvis de svenske. Ethnografiska studier.* [Stockholm]: Norstedt & söner
- Edda Snorra Sturlasonar.* Utg. Finnur Jónsson, 1931. København: Gyldendal
- Eddadigte I–III. Utg. Jón Helgason. 3. udg. Nordisk filologi. A. Tekster Oslo: Dreyer, 1971
- Egils saga einhenda ok Ásmundar bersekjabana.* I Guðni Jónsson (utg.), 1954: Fornaldasögur Norðurlanda III. Reykjavík: Íslendingasagnaútgáfan
- Ellefsen, Arild S. 1981. "Grønnsnerren og ganflua". *Saltðalsboka.* 110–11
- Eriksen, A. E. 1874. *Petter Dass's Samlede Skrifter* bind I. Kristiania: Den Norske historiske forenings forlag
- Fellman, Jacob. 1906. *Anteckningar under min vistelse i lappmarken.* II. Helsingfors: Finska Litteratursällskapets tryckeri
- Flateyjarbók* I. Utg. [Gudbrandr Vigfusson og C.R. Unger]. Christiania: P. T. Mallings Forlagsboghandel 1860
- Forsblom, Valter W. 1917. "Folkföreställningar i svenska Österbotten om trollskott." I *Folkloristiska och etnografiska studier* II. Skiftes utgivna av Svenska litteratursällskapet i Finland CXXXV. Helsingfors. 96–112
- Fóstbrœðra saga.* I *Vestfirðinga sögur.* Utg. Björn K. Þórólfsson og Guðni Jónsson. Íslenzk fornrit 6. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag, 1943. 119–276
- Fridbjofs saga ens frækna.* I C. C. Rafn (utg.): *Fornaldar sögur norðurlanda* II. København 1829
- Friis, J. A. 1871. *Lappisk Mythologi, Eventyr og Folkesagn.* Kristiania: Alb. Cammermeyer
- Fritzner, Johan. 1877. *Lappernes hedenskab og trolldomskunst sammenholdt med andre folks, især nordmændenes, tro og overtro.* [Kristiania : Den norske historiske forening, 1877]
- Fritzner, Johan. 1883–96. *Ordbog over det gamle norske Sprog.* 3 bind. 2. utgáve. Kristiania: Den norske Forlagsforening, 1883–96. Opptr. Oslo: Universitetsforlaget, 1973. 1. utg. Christiania 1867. Bind 4, "Rettelser og tillegg", utg. Finn Hødnebo. Oslo: Universitetsforlaget, 1972
- Greve, Lita. 2002. "Gandflue – et magisk insekt". *Naturen. Populærvitenskapelig tidsskrift.* 23–29
- Hammarstedt, N. E. 1920. *Svensk forntrö och folksed i bild och ord.* Häft. I. Stockholm
- Hammond, Hans. 1787. *Den nordiske Missions-historie i Nordlandene, Finnmarken og Trundhiems Amt [...].* København: Gyldendal

- Hansen, O. Stv. 1873. *Bygdefortælling. Optegnelser fra Tydalen, Annex til Sælbu.* Tromsø: Holmboe
- Heimskringla* I. Utg. Bjarni Aðalbjarnarson. Íslenzk fornrit 26. Reykjavík: Hið íslanzka fornritafélag, 1941
- Heltzen, Iver Ancher. 1981. *Ranens beskrivelse 1834.* [Mo]: Rana museums- og historielag
- Honko, Lauri. 1959. *Krankheitsprojekte. Untersuchungen über eine urtümliche Krankheitserklärung.* FF communications 178. Helsingfors: Academia scientiarum fennica
- Hyltén-Cavallius, Gunnar Olof. 1868. *Wärend och Wirdarne. Ett försök i Svensk Ethnologi* II. Stockholm: Norstedt
- Hægermarck, K[arl A.], 1900. *Helsingboken. (Prosten Bromans Gylsisvallur). Utdrag och innehållsöfversikt jämte inledning.* Uppsala: Akademiska boktryckeriet
- Indrebø, Gustav. 1951. *Norsk målsoga.* Bergen: John Grieg
- Itkonen, Erkki, Aulis J. Joki, Reino Peltola. 1984. *Suomen kielen etymologinen sanakirja.* Helsingfors: Suomalais-ugrilainen seura
- Itkonen, T. I. 1946. *Heidnische Religion und spätere Aberglaube bei den finnischen Lappen.* Suomalais-ugrilaisen Seuran Toimituksia 87. Helsinki: Suomalais-ugrilainen seura
- Jacobsen, M. A. og Chr. Matras. 1961. *Føroysk-donsk orðabók. Færøsk-dansk ordbog.* 2. utgáve nógv broytt og økt. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag
- Jessen-S[chardebo], Erich Johan. 1767. *Afhandling om de norske Finners og Lappers hedenske Religion, med en Tegning af en Rune-Bomme [...].* Appendiks i Leem 1956 [1767].
- Jón Árnason. 1961 a. *Íslenzkar þjóðsögur og ævintýri* I. Ný utgáfa. Árni Böðvarsson og Bjarni Vilhjálmsson önnudust utgáfuna. Reykjavík: Bókaútgáfan þjóðsaga
- Jón Árnason. 1961 b. *Íslenzkar þjóðsögur og ævintýri* II. Ný utgáfa. Árni Böðvarsson og Bjarni Vilhjálmsson önnudust utgáfuna. Reykjavík: Bókaútgáfan þjóðsaga
- Jón Árnason. 1963. *Íslenzkar þjóðsögur og ævintýri* III. Nýtt safn. Árni Böðvarsson og Bjarni Vilhjálmsson önnudust utgáfuna. Reykjavík: Bókaútgáfan þjóðsaga
- Jón Þorkelsson. 1956. *Þjóðsögur og munnmæli.* Fyrste utgáve 1899. Reykjavík: Bókfallsútgáfan
- Karsten, Rafael. 1952. *Samefolkets religion. De nordiska lapparnas hedniska tro och kult i religionshistorisk belysning.* Helsingfors: Söderström & Co förlagsaktiebolag

- Kildal, Jens. 1945. "Afguderiets Dempelse, og den Sande Lærdoms Fremgang [...]". I Marie Krekling [red.]: *Nordlands og Troms finner i eldre håndskrifter*. Nordnorske samlinger 5. Oslo: Etnografisk museum. 102–52
- Kjellström, Rolf og Håkan Rydving. 1988. *Den samiska trumman*. Sameutställningens småskrifter 2. Stockholm: Nordiska museet
- Kormáks saga*. I *Vatnsdæla saga*. *Hallfreðar saga*, *Kormáks saga*, *Hrómundar þáttur halta*, *Hrafns þáttur Guðrúnarsonar*. Utg. Einar Ólafur Sveinsson. Íslenzk fornrit 8. Reykjavík: Hið íslanzka fornritafélag, 1939
- Kåven, Brita; Johan Jernsletten, Ingrid Nordal, John Henrik Eira, Aage Solbakk. 1995. *Sámi-dáru sátnegirji*. *Samisk-norsk ordbok*. Kárášjohka/Karasjok: Davvi Girji o. s.
- Leem, Knud. 1956. *Beskrivelse over Finmarkens Lapper [...]*. Facsimilia topographica 3. Opph. utg. København: Det Kongel. Waysenhuses Bogtrykkerie, 1767. Oslo: Halvorsen og Børsum
- Levander, Lars og Stig Björklund. 1961-. *Ordbok över folkmålen i Övre Dalarna*. Skrifter utgivna genom Dialekt- och folkminnesarkivet i Uppsala. Ser. D 1. Stockholm: Almqvist & Wiksell
- Lid, Nils. 1921. "Um finnskot og alvskot. Eit område av norsk sjukdomsmagi." *Maal og minne* 1921. 37–66
- Lid, Nils. 1927. "Gand og tyre." I *Festskrift til Hjalmar Falk 30. desember 1927 fra elever, venner og kolleger*. Oslo: Aschehoug. 331–50
- Lid, Nils. 1935. "Magiske fyrestellingar og bruk." I Nils Lid (red.): *Folketru*. Nordisk kultur 19. Stockholm: Bonnier. Også med tittelen *Folketro*. 3–76
- Lid, Nils. 1950. "Gandfluge og gandfugl." I *Trolldom. Nordiske studiar*. Utgjevne som Festskrift til sekstiårsdagen 16. januar 1950. Fyrst prenta i *Maal og Minne* 1944. Oslo: Cammermeyer. 59–81
- Loorits, Oskar. 1949. *Grundzüge des estnischen Volksglaubens I*. Skrifter utgivna av Kungl. Gustav Adolfs akademien før folklivsforskning 18. Uppsala: Kungliga Gustav Adolfs akademien för folklivsforskning
- Læstadius, Lars Levi. 1997. *Fragmenter i lappska mythologien*. [Utskrift av originalmanus Nilla Outakoski. Red. Reimund Kvideland. Efterord Juha Pentikäinen]. NIF publications 37. Åbo: NIF
- Manker, Ernst. 1938. *Die lappische Zaubertrommel. Eine ethnologische Monographie*. I. Die Trommel als Denkmal Materieller Kultur. Acta Lapponica 1. Stockholm: Thule
- Manker, Ernst, 1950. *Die lappische Zaubertrommel. Eine ethnologische Monographie*. II. Die Trommel als Urkunde geistigen Lebens. Acta Lapponica VI. Stockholm: Hugo Gebers förlag

- Markkanen, Kaija. 1987. "'Henklintu on pienemp kun tijainen'- Joitakin metsäsuomalaista lintuja." I *Några finsk-ugriska fåglar: till Lars-Gunnar Larsson den 9 december 1987*. Uppsala: Finsk-ugriska institutionen, Uppsala universitet. 81–96
- Mo, Ragnvald. 1936. Dagar og år. Segner frå Salten. Norsk folkeminnelag 37. Oslo: Norsk folkeminnelag
- Monumenta historica Norvegiæ*. Latinske Kildeskrifter til Norges Historie i Middelalderen, udgivne efter offentlig Foranstaltning ved Gustav Storm. Kristiania: Brøgger, 1880
- Mundal, Else. 1974. *Fylgjemotiva i norrøn litteratur*. Skrifter fra instituttene for nordisk språk og litteratur ved Universitetene i Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø 5. Oslo: Universitetsforlaget
- Mundal, Else. 1997. "Sjelsførestellingane i den heidne norrøne kulturen." I Anne Ågotnes (red.). *Kropp og sjel i middelalderen*. Onsdagskvelder i Bryggens museum 11. [Bergen]: Bryggens museum
- Myklebust, Sverre (red.). 1973. *Sogn og Fjordane i manns minne*. I serien: I manns minne. Daglegliv ved hundreårsskiftet. Frå Nasjonalforeningens landskonkurransen for eldre. [Redaksjon av serien: Olav Bø, Andreas Ropeid, Lily Aall]; utg i samarbeid med nasjonalforeningen for folkehelsen. Oslo: Det Norske Samlaget
- Myrvang, Finn. 1964. *Huh-tetta. Folkeminne frå Andøya I*. Norsk folkeminnelags skrifter nr. 91. Oslo: Universitetsforlaget
- Myrvang, Finn. 1976. *I trollbotn: folkeminne frå Andøya*. Norske folkeminne 2. [Oslo]: Noregs boklag
- Niurenus, Olaus Petri. 1905. *Lappland eller beskrivning över den nordiska trakt, som lapparne bebo i de avlägsnaste delarne av Skandinavien eller Sverige*. [Red. av] K. B. Wiklund. Bidrag til kännedom om de svenska landsmålen ock svenskt folkmål XVII 4. 7–23
- Noreen, Adolf. 1923. *Altnordische Grammatik I. Altisländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre) unter berücksichtigung des urnordischen*. Vierte vollständig umgearbeitete Auflage. Halle: Max Niemeyer
- Norges historie. Theodricus munk. Historien om de gamle, norske kongene. Historien om danenes ferd til Jerusalem*. Oversatt av Astrid Salvesen. Thorleif Dahls kulturbibliotek. Oslo: Aschehoug, 1969. Originaltitlar: *Historia Norvegiae. Historia de antiquitate regum Norvagiensium. Profectio Danorum in Hierosierosolymam*.
- Norsk ordbok*. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Hovudredaktør Alf Hellevik, Lars S. Vikør. Tre bind til no. Oslo: Det Norske Samlaget 1966 – "Nærøymanuskriptet". Sjå Qvigstad 1903

- Olaus Magnus. 1976. *Historia om de nordiska folken*. Opptrykk av utg. frå Uppsala: Almqvist & Wiksell. 1951. Kommentar John Granlund. Original: *Historia de gentibus septentrionalibus*, Roma 1555. Stockholm: Gidlund
- Olsen, Ole Tobias. 1987. *Norske folkeeventyr og sagn. Samlet i Nordland*. Mo: Rana museums- og historielag. Faksimileutgåve. Opphavleg utgåve Kristiania: Cappelen, 1912
- Olsen, Ørjan. 1915. *Til Jeniseis kilder. Den norske Sibirie-ekspeditions reise 1914*. Kristiania: Cappelen
- Pontoppidan, Erik. 1977. *Norges naturlige historie I*. Faksimile av fyrsteutgåva: *Det første Forsøg paa Norges naturlige Historie*, København, 1752–1753. København: Rosenkilde og Bagger
- Qvigstad, Just. 1893. *Nordische Lehnwörter im Lappischen*. Christiania Videnskabs-Selskabs forhandlinger 1893:1. Kristiania
- Qvigstad, Just. 1903. *Kildeskrifter til den lappiske mytologi*. Det Kgl. norske videnskabers selskabs skrifter. 1903. No. 1. ("Nærøymanuskriptet" står her.) Trondhjem
- Qvigstad, Just. 1910. *Kildeskrifter til den lappiske mytologi*. II. Om lappernes vildfarelser og overtro, af Isaac Olsen. Det Kgl. norske videnskabers selskabs skrifter. 1910. No 4. Trondhjem
- Qvigstad, Just. 1924. "Lappische Erzählungen aus Hatfjeldalen". Aufgezeichnet von J. Qvigstad. I *Zur Sprach- und Volkskunde der Norwegischen Lappen*. Oslo etnografiske museums skrifter 1. Oslo: Oslo etnografiske museum
- Qvigstad, Just. 1928. *Lappiske eventyr og sagn fra Troms og Finnmark*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B: Skrifter. X, II. Oslo: Aschehoug
- Qvigstad, Just. 1929. *Lappiske eventyr og sagn fra Lyngen II og fra Nordland*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B: Skrifter. X, IV. Oslo: Aschehoug
- Ross, Hans. 1971. *Norsk ordbog. Tillæg til "Norsk Ordbog" af Ivar Aasen*. Opptrykk av fyrsteutgåva frå 1895. Oslo: Universitetsforlaget
- Rudbeck, Olof. 1938. *Taflor till Olaus Rudbecks Atlantica*. Utg. A. Nelson. Uppsala og Stockholm
- Rydving, Håkan. 1987. "Nåjdens fåglar". I *Några finsk-ugriska fåglar. Till Lars-Gunnar Larsson den 9 december 1987*. Uppsala: Finsk-ugriska institutionen, Uppsala universitet. 55–71
- Rydving, Håkan. 1995. *Samisk religionshistoria. Några källkritiska problem*. Religionshistoriska forskningsrapporter från Uppsala 4. Stockholm: Distribueras av: Almqvist & Wiksell International


- Saga Piðriks konungs af Bern. Fortælling om Kong Tiidrik af Bern og hans Kæmper. I norsk Bearbejdelse fra det trettende Aarhundrede efter tydske Kilder*. Utg. C. R. Unger, Kristiania 1853
- Salvesen, Astrid. 1969. "Innledning". I *Norges historie*, sjå det. 9–14
- Schefferus, Johan. 1956 [1673]. *Lappland*. Översättning från latinnet av Henrik Sundin. Granskad och bearbetad av John Granlund, Bengt Löw och John Bernström. Utgivare: Ernst Manker. Acta Lapponica 8. Uppsala: Gebers
- Skanke, Hans. 1945 a: [1728–1731]. *Epitomes Historiæ Missionis Lapponicæ. Pars Prima Anlangende de Nordske Lappers Hedendom og Superstitioner*. Utg. O. Solberg. I O. Solberg [red.]: *Nordlands og Troms finner i eldre håndskrifter*. Nordnorske samlinger 5. Oslo: Etnografisk museum. 179–224
- Skanke, Hans. 1945 c: [1728–31]. *Tredie Anhang. Runnebommens betegnelse, med sine Characterer og fortolkelse*. Utg. O. Solberg. I O. Solberg [red.]: *Nordlands og Troms finner i eldre håndskrifter*. Nordnorske samlinger 5. Oslo: Etnografisk museum. 245–47
- Skjld = *Den norsk-islandske skjaldedigtning*. Utg. Finnur Jónsson. Bind 1, A og 2, A (tekst etter handskriftene) og 1, B og 2, B (retta tekst). København: Gyldendal, 1914–1915. Gjenopptrykt København: Rosenkilde og Bagger, 1967 (A) og 1973 (B)
- Skjeldbred, Ann Helene Bolstad. 1983. *Register til NFL bind 51–99*. Norsk folkeminnelags skrifter 100. Oslo: Norsk folkeminnelag
- Solheim, Svale. 1943. *Register til Norsk folkeminnelags skrifter nr. 1–49*. Norsk folkeminnelags skrifter 50. Oslo: Norsk folkeminnelag
- Solheim, Svale. 1952. *Norsk sætteradisjon*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B, Skrifter 47. Oslo: Aschehoug
- Steen, Adolf. 1959. *Snøugla i samisk tro og tradisjon*. Kristiansand
- Steen, Adolf. 1969. *Samene. Emner og oppslag 3*. Trondheim: Sami varas
- Storaker, Joh. Th. 1932. *Sygdøm og Forgjørelse i den norske Folketro*. Storakers samlinger V. Utg. Nils Lid. Norsk folkeminnelags skrifter 28. Oslo: Norsk folkeminnelag
- Storm, Gustav. 1881. "Om Peder Claussøn Friis og hans Skrifter." I Peder Claussøn Friis 1881. *Samlede Skrifter af Peder Claussøn Friis*. Udgivne for den norske historiske Forening af Dr. Gustav Storm. Kristiania: A. W. Brøgger. I–LXXXIII
- Strøm, Hans. 1762. *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør*, bd. 1. Sorøe
- Strömbäck, Dag. 1935. *Sejd. Textstudier i nordisk religionshistoria*. Nordiska texter och undersökningar 5. Stockholm: Geber

- Strömbäck, Dag. 1970. "Sejd". I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* 15. 75–79
- Tolley, Clive. 1994. "The Shamanistic Séance in the Historia norvegica." I *Shaman* 2. 135–56
- Tolley, Clive. 1995. "Vørðr and gandr: Helping Spirits in Norse Magic." *Arkiv för nordisk filologi*
- Turi, Johan og Per Turi. 1920. *Lappish Texts*. "Written by Johan Turi and Per Turi with the cooperation of K. B. Wiklund. Edited by Emilie Demant-Hatt." D. kgl. danske vidensk. selsk. skrifter, 7. række, historisk og filosofisk afd. IV 2. København


Deutung der Trommelfiguren: Trommel Nr 30




Figur 1. Frå Manker 1950:309



Figur 2. Frå Rudbeck 1938, tab. 14



Figur 3. Frå Schefferus 1956:157



Figur 4. Frå Manker 1950:353



Figur 5. Frå Manker 1938:56


107 V



108 V



Figur 6. Frå Manker 1950:176



Figur 7. Frå Manker 1950:407